

Valestiftinga

Valen 04.03.2015

5451 Valen

[reidar.handeland@knett.no](mailto:reidar.handeland@knett.no)

Hordaland Fylkeskommune

11 MAR 2015

## **Hordaland Fylkeskommune**

Samferdselsavdelinga

Pb 7900

**5020 Bergen**

## **Statens vegvesen Region vest,**

Torbjørn Hetlevik

Askedalen 4,

**6863 LEIKANGER**

*Valestiftinga har på vegne og saman med oppsitjarar, lag og organisasjonar i lokalmiljøet på Valen samordna klage på mangel på Veglys gjennom Valen.*

Valestiftinga har følgjande føremålsparagraf:

*"Valestiftinga skal ha til føremål på ideelt og ikkje kommersielt grunnlag ta vare på, forvalta og utvikla natur og kulturhistoriske verdiar i noverande Valen skulekrins, til allmenntilgjengelig føremål, til beste for bygdefolk, sjukehus og andre brukargrupper."*

Stiftinga har gjennom ei årrekke lagt til rette for lokalt friluftsliv mellom anna med reising av rastehytter og opprusting av sentrumsnære turstiar, og den gamle postvegen gjennom bygda. Valestiftinga er og sentral i bevaringa av det gamle kraftverket frå 1910 og den historiske utbygginga av Valevassdraget, samt historia til Valen psykiatriske sjukehus, m.a. gjennom etablering av eit eige sjukehusmuseum / "Sjukehussamlinga".

*Sjå elles vår heimeside: [www/Valestiftinga.no](http://www.Valestiftinga.no)*

## **Veglys på Valen i Kvinnherad**

I området langs fylkesveg 48 ved Valen sjukehus på Valen i Kvinnherad kommune har det oppstått eit akutt problem med omsyn til veglys.

Situasjonen kan beskrives som følgjer:

Valen sjukehus har sidan 1910 og fram til 2002 vore eigar av eige kraftverk. Hordaland Fylkes Kraftverk på Valen har vore leverandør av straum til både sjukehuset og bygda.

Etter nedbygging av sjukehusdrifta i 1970- og 80-åra vart straumleveransen til bygda overført til Fjelberg kraftlag. Veglys gjennom bygda vart etablert med unntak av området kring sjukehuset

der det tidleg på 1960-talet kom nye veglys. Desse dekkja sjukehus-området og inkluderte og «riksvegen» i eit strekke på om lag 450 m.

Desse veglysa er no gått ut på dato. Valen sjukehus/Helse Fonna HF har gitt melding om et det er jordfeil på deira anlegg og har no kopla frå veglysa som ikkje ligg på sjukehusområdet. Dei har heller ikkje intensjonar om å foreta reparasjonar på eksisterande anlegg utanom sjukehuset.

Denne vegstrekka er svært kritisk med omsyn til trafikk og vi ser det som svært viktig at det vert gjort tiltak for å få veglys på plass snarast.

Det er eit problem at ansvaret for mellom anna veglys kring Valen sjukehus på mange måtar har smuldra bort. Dette heng saman med omorganisering av helsevesenet og sal av Hordaland Fylkeskommune sine eigneluter på Valen. Det vert difor vanskeleg for dei oppsittarane som bur kring sjukehuset å vinna fram når slike problem som nemnd, kjem fram.

Etter det vi gjennom sjukehuset er gjort kjent med, ligg ansvaret for veglys langs fylkesveg 48 hjå Hordaland Fylkeskommune. Veglysa gjennom bygda vert drifta av Fjelberg kraftlag.

Midlertidig vil vi tru at eksisterande anlegg med lysmastrar og armatur langs fylkesvegen framleis kan nyttast. Kablar i jorda er av ukjend kvalitet. Anlegget er tross alt over 50 år. Ansvar for feilretting på eksisterande anlegg som no er skild ut frå sjukehuset må etter det vi forstår vera Hordaland Fylkeskommune, som og har ansvar for fylkesveg 48.

Det viktigaste for oss er likevel å få plassert eigarforhold til veglys langs fylkesvegen. Vidare omkopling frå sjukehuset og over til Fjelberg Kraftlag som leverandør meiner vi er ei driftssak på eit eksisterande anlegg og kan meldast som feil som må rettast. I neste omgang må likevel dette anlegget få prioritet og fornyast.

Vi vil på det sterkaste rå til og ber instendig om at rette instans tek saka opp til behandling og at vi innan rimeleg tid har veglys på plass, i alle høve før ny mørketid set inn.



*Reidar Handeland*

*Sven Løkeland*

*Leiar*

*Nestleiar*

Kopi: Kvinnherad kommune